



Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)
– ref. 2014/1230"

Stad og dato: **Knarvik 25. januar 2017**

Namn på arrangement
UngdomsMila

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar

Set kryss

1. Fotgjengar	X
2. Sykkel	X
3. Fart og rus	X
4. Barnehage	
5. Barneskule og ungdomsskule	X
5. Vidaregåande skule	X
6. Vaksne	
7. Eldre	

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017

Set kryss

Trafikksikringsarbeid i kommunane	X
Møteulukker utanfor tettbygde strok	
Mjuke trafikantar i byområde	

Namn på tiltaket

Namn på søkjar KnarvikMila	Organisasjonsnummer 975 674 614
Adresse Juvikstølen 17	Postnummer og poststad 5916 Isdalstø
Kontaktperson Eddie M. Ebbesvik	Kontonummer 3632.07.09800
E-post eddie@knarvikmila.no	Telefon 920 85 025

Totalkostnad Kr. 505.000,-	Søknadssum Kr. 50.000,-
Skildring av prosjektet:	
I samband med Ungdomsløpet (8. – 10. klasse + 1. og 2. klasse VDGS) har ein dei siste åra arrangert eit trafikkurs for 10.klassingar. I 2016 satt vi ny deltakarrekord med 2600 elevar på UngdomsMila	
Etter kurset i 2015 gjennomførte KnarvikMila ei skriftleg evaluering til alle elevane som deltok. Dette gav grunnlag for ei grundig evaluering og drøfting i arrangementsgruppa (politi, ambulanse, brann m.fl) om korleis ein kan gjere kurset endå betre. Etter arrangementet i 2016 vart det og halden evalueringsmøte i arrangementsgruppa. Ein vil arbeide vidare etter fylgjande kursmodell.	
1. TILSENDE OPPGÅVER	
Alle 10.klassingane som er påmelde får tilsendt oppgåver i forkant. Elevane skal vurdera spørsmål kvar for seg og/eller saman med foreldre/føresette. På kurset vil elevane få oppgåver som bygde på spørsmåla dei har fått på førehand.	
2. STAND/FØREDRAG	
Ein samlar elevane i grupper til et foredrag. Det er foredrag/innlegg (informasjon og aktivitetar) frå Ambulanse, Brann, Politiet, Trygg trafikk og Aktiv Trafikkopplæring.	
3. KONKURRANSE	
Når elevane kjem inn får dei eit spørjeskjema. Svara finn dei på stand/foredrag.	
4. PREMIERING	
Blant dei rette svara vert det trekt ut ein vinnar som får kr.15.000,- evnt. tre vinnarar som får kr 5.000,- til trafikkurs/trafikkopplæring hjå ein trafikkskule. Andre premiar er fleire gratis trafikale grunnkurs. Verdi pr. kurs kr 3.000,-.	
5. ETTERARBEID	
Etter kurset blir det oppsummering i alle klassane etter ein felles mal. Dette blir gjort for å få ein heilskap og gjentakingsseffekt i opplegget.	
Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?	
Kurset er med å påverkar elevane:	
<ul style="list-style-type: none"> - Som førar og passasjer til ein sikrare/tryggare trafikk - Til å få mot til å sei frå til føraren om uforsvarleg køyring/trafikk 	
Lokal trafikkskule er med på prosjektet og stiller med eget team/stand for trafikktryggleik. Dei demonstrerer mellom anna promillebriller.	
Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?	
Me har eit særst godt samarbeid med Politiet, Trygg Trafikk, Aktiv Trafikkopplæring, Ambulansetenesta og Brannvesenet. Me har tverrfaglege møte i forkant og etterkant av arrangementet. Ein vil no ha mini stand og 30 min føredrag til 10. klassingane. Dette er dei same som også har eit opplegg for russen i kommunen. Såleis prøvar me å sjå på oss som brubyggjar mellom dei to arrangementa.	
Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Planlagt start 1. mars (1. planleggingsmøte)	Planlagt slutt 1. september (hovudarrangement) + evalueringsmøte
Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast Knarvik, Lindås Kommune	

Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter		
Type midlar	Utgifter	Inntekter
Deltakaravgift		0
Busstransport, eigenandel skular		70.000
Søknad Sparebanken Vest		100.000
Søknader		190.000
Tidtakning	72.000	
Scene, PA, video, lys	35.000	
Sperremateriell	10.000	
Premiar	68.000	
Produkt til deltakarane, vatn mat	65.000	
Marknadsføring	30.000	
Dugnadstimar – betaling lag og foreningar	105.000	
Busstransport	120.000	
*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):		145.000
Søknadssum:	50.000	
Totalkostnad:	505.000	

*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 ‰ av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsråme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.